

## Forvaltningsrevisjon av trygt og godt skulemiljø – rapport

Vedtak kommunestyret 19.06.2025

1. Kommunestyret tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av trygt og godt skulemiljø i Øygarden kommune til etterretning.

2. Kommunestyret ber kommunedirektør sørge for å:

A. Etablere system for å sikre at alle styringsdokument og prosedyrar blir jamleg gjennomgått, slik at ein sikrar at desse er oppdaterte og at det ikkje er tvil om kva føringar som er gjeldande.

B. Utarbeide skriftlege rutinar knytt til gjennomføring av og oppfølging av resultat frå Elevundersøkinga, for å bidra til auka systematikk i det førebyggjande skulemiljøarbeidet.

C. Sørge for at det blir etablert system og rutinar for evalueringar av det førebyggjande skulemiljøarbeidet ved alle skulane.

D. Det vert etablert tilfredsstillande system som sikrar at alle som arbeider på skulen følgjer med, griper inn og melder frå om dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø (jf. aktivitetsplikta etter opplæringslova § 12-4)

E. Tydeleggjere ansvarsfordeling og roller knytt til aktivitetsplikta og skjerpa plikt.

F. Etablere tydelege føringar i skriftlege rutinar for kor raskt undersøkingar i medhald av aktivitetsplikta skal bli sett i verk og gjennomført, og kor raskt eventuelle tiltak bør setjast i verk.

G. Oppdatere skriftlege rutinar for skjerpa plikt til melde frå dersom ein som arbeider på skulen, krenkjer ein elev, samt gjere tilsette ved skulane kjende med desse.

H. Sikre at alle aktivitetsplanar oppfyller minstekrav i opplæringslova § 12-4 tredje og fjerde ledd

3. Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide handlingsplan til kontrollutvalet innan 20.08.2025 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp pkt. 2 i vedtaket, når tiltaka skal setjast i verk, status i arbeidet og kven som skal ha ansvar for iver